


# Årsrapport 2007

## Hardangervidda Fjelloppsyn



## **FJELLOPPSYNET har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:**

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettighetshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf instruks godtkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit og samarbeider med politiet, statens naturoppsyn og vernemyndigheitene.

### **Harangervidda Fjelloppsyn as**

Hovudkontor, Haugenbygget på Geilo

Pb: 182, 3581 Geilo

Tlf: 32091307

E-post: [hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no](mailto:hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no)

Heimeside: [www.harangervidda-fjellstyra.no](http://www.harangervidda-fjellstyra.no)

## Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2007.

Fjelloppsynet har ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn og kontroll, informasjon, og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i tiltakt for forvaltning av vilt og fisk.

Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data.

Arbeidet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruksdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn, og noko av arbeidet er betalt av Villreinutvalet for Hardangervidda, Stiftelsen Unifob og Universitetet i Oslo.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for samarbeidet.

Geilo, april 2008

Sigurd Gudmundsen /s/  
Styreleiar

Georg Gjøstein  
Dagleg leiar

# Innhold

<b>1. UTFØRT ARBEID</b> .....	<b>5</b>
1.1 OPPSYNSARBEID .....	5
<i>Jakt</i> .....	5
<i>Fiske</i> .....	5
<i>Sårbare artar</i> .....	5
<i>Kulturminner</i> .....	5
<i>Motorferdsel</i> .....	5
<i>Naturvernområder</i> .....	5
<i>Kontrollar, advarslar og anmeldelsar</i> .....	6
<i>Informasjon</i> .....	7
1.2 REGISTRERINGSARBEID, SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD M.M.....	7
<i>Fjellstyrehytter</i> .....	7
<i>Fiskekultivering</i> .....	7
<i>Skjøtsel og registreringsarbeid</i> .....	7
1.3 FELTARBEID FOR FORVALTNINGS- OG FORSKNINGSINSTITUSJONAR .....	8
<i>Villrein</i> .....	8
<i>Vatnkvalitet</i> .....	8
<i>Beitestudie</i> .....	8
1.4 SEKRETARIAT .....	8
<b>2. ORGANISASJONEN</b> .....	<b>8</b>
2.1 STYRET .....	8
2.2 PERSONALET.....	8

# 1. Utført arbeid

## 1.1 Oppsynsarbeid

Personell frå fjelloppsynet på Hardangervidda har i 2007 gjennomført kontrollar og helde oppsyn med:

### Jakt

- **Villreinjakt**

Det meste av tida føregjekk arbeidet i Hardangervidda villreinområde der fjelloppsynet stod for 46% av den samla timeverkinnsatsen saman med sno og politet. Hardangervidda Fjelloppsyn as har også delteke under villreinjakttoppsynet i Norefjell-Reinsjøfjell villreinområde, Brattefjell-Vindeggen villreinområde, Årdalsfjella villreinområde og Nordfjella villreinområde i 2007.

- **Småviltjakt**

### Fiske

- **Stongfiske**

- **Garnfiske**

- **Laksefiske**

Arbeidet med kontroll av fiske har føregått på statsallmenningane på Hardangervidda. Tilsyn med Laksefiske har skjedd i Hardanger.

### Sårbare artar

- Hekkelokalitetar for rovfugl i Buskerud
- Skogsfugleikar i Buskerud og Oppland

### Kulturminner

- Kulturminner i området Krækja - Finsberg

### Motorferdsel

- Kontroll av motorisert ferdsel snøscooter, bilar, ATV , fly og helikopter. Fjelloppsynet har delteke på kontrollar med Politiet og SNO i fylgjande kommunar: Eidfjord, Odda, Ullensvang, Hol, Nore og Uvdal, Vinje, Tinn, Ål og Hemsedal.

### Naturvernområder

2 Nasjonalparkar

- 3 Landskapsvernområder
- 15 naturreservat

Fjelloppsynet har helde tilsyn med vernereglane for Hardangervidda nasjonalpark og den delen av Hallingskarvet nasjonalpark som soknar til Ulvik kommune, tre landskapsvernområder og 15 naturreservat (tabell 1).

Tabell 1. Naturvernområder der fjelloppsynet har utført arbeid i 2007

<b>Vernområder i Telemark:</b>	<b>Kommune</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvasstangen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje</i>
<i>Bjortjønn fuglefredningsområde</i>	<i>Vinje</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
<b>Verneområde i Hordaland</b>	<b>Kommune</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odda</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Bjoreidalen naturreservat</i>	<i>Eidfjord</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområde</i>	<i>Eidfjord</i>
<i>Aksnesholmane naturreservat</i>	<i>Kvam</i>
<b>Verneområder i Buskerud</b>	<b>Kommune</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Branden naturreservat</i>	<i>Hol</i>
<i>Grothovdmyrane naturreservat</i>	<i>Hol</i>
<i>Fødalen landskapsvernområde</i>	<i>Ål</i>
<i>Veikulåsen naturreservat</i>	<i>Gol</i>
<i>Heimseteråsen naturreservat</i>	<i>Rollag</i>
<i>Lunnane naturreservat</i>	<i>Rollag</i>
<i>Solevatn naturreservat</i>	<i>Sigdal</i>
<i>Harverstingen naturreservat</i>	<i>Krødsherad</i>
<i>Størråmyrane naturreservat</i>	<i>Krødsherad</i>
<i>Storås naturreservat</i>	<i>Krødsherad</i>
<i>Mysutjernene naturreservat</i>	<i>Kongsberg</i>
<i>Sandå naturreservat</i>	<i>Kongsberg</i>

## Kontrollar, advarslar og anmeldelsar

Totalt er det kontrollert 147 personar av oppsynspersonell tilsett i Hardangervidda Fjelloppsyn as (tabell 2). Det er gjeve 20 advarslar og føreteke 2 anmeldelsar (tabell 3).

Tabell 2. Antall kontrollerte

<b>Tema</b>	<b>Antall kontrollerte</b>			
	<b>2007</b>	<b>2006</b>	<b>2005</b>	<b>2004</b>
Motorferdsel sommar og vinter	<b>25</b>	26	66	101
Småviltjegerar	<b>10</b>	34	30	49
Storviltjegerar villreinjakt/elgjakt	<b>64</b>	68/4	112/6	16/61
Fiskerar	<b>48</b>	54	16	37
<b>SUM</b>	<b>147</b>	186	230	264

Tabell 3. Antall advarslar og anmeldelsar

<b>Tema</b>	<b>Antall advarslar</b>			<b>Antall anmeldelsar</b>		
	<b>2007</b>	<b>2006</b>	<b>2005</b>	<b>2007</b>	<b>2006</b>	<b>2005</b>
Motorferdsel, sommar og vinter	5			<b>1</b>	1	2
Småviltjegerar	<b>2</b>	6	1			
Storviltjegerar	<b>3</b>	1	3		1	1
Fiskerar			2	<b>1</b>	1	

Bandtvang	10		2			
<b>SUM</b>	<b>20</b>	7	8	2	3	3

## Informasjon

Fjellopsynet skal prioritere forebyggende arbeid og gjennom kontakt med publikum er det gjeve muntleg informasjon til **289 personar**. Innhaldet i informasjonen favnar vidt, men vanlege tema er historikk om nasjonalparken, forslag til tur og løypeval, salgstader for jakt og fiskekort, informasjon om plante og dyrelivet, utgreiing om lover og reglar i høve til nasjonalparken og utøving av jakt og fiske.

## 1.2 Registreringsarbeid, skjøtsel og vedlikehald m.m.

Fjellstyra på Hardangervidda har 32 hytter og 17 steinbuer samt 4 stolar. Fjellopsynet har gjennomført ulike typer tilsyn og vedlikehald:

### Fjellstyrehytter

- Lettare vedlikehald som beising og kitting av glas, reparasjon av vegg og tak i steinbuer.
- Nybygg av uthus
- Feiing og andre brannverntiltak
- Transport av ved, propan og anna utstyr til hytter
- Renovasjon

### Fiskekultivering

Det er gjennomført ulike fiskekultiveringstiltak:

- Prøvefiske
- Ørekytekontroll
- Tynningsfiske

### Skjøtsel og registreringsarbeid

Hardangervidda Fjellopsyn har også utført desse oppdraga:

- Tilsyn med villrein i nærområda til Rv 7
- Karlegging av kiting i nærområda til Rv7
- Rovviltkontaktarbeid i Hordaland og Sogn og fjordane og sporing av jerv i Buskerud
- Registrering av gamalt fjellrevhi
- Skjøtselsarbeid i Hardangervidda nasjonalpark ( nye skilt, beising av nasjonalparktavler m.m.)
- Skjøtsel i verneområder utanfor Hardangervidda nasjonalpark (nye skilt og info-tavler m.m.)
- Innsamling av søppel i Hallingskarvet og Hardangervidda nasjonalparkar
- GAB registreringar i Eidfjord statsallmenning

## **1.3 Feltarbeid for forvaltnings- og forskningsinstitusjonar**

### **Villrein**

Fjelloppsynet deltok med mannskap under strukturtelling av villrein på oppdrag frå Villreinutvalet for Hardangervidda.

### **Vatnkvalitet**

Fjelloppsynet har henta vassprøver i samband med ”Prosjekt prikkaure”, på oppdrag frå Unifob tilknytta Universitetet i Bergen.

### **Beitestudie**

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i eit husdyrbeitestudie på oppdrag frå Universitetet i Oslo.

## **1.4 Sekretariat**

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyre:

- Rauland fjellstyre
- Øvre Numedal fjellstyre
- Ullensvang fjellstyre
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik fjellstyre

Det er også teke hand om sekretærfunksjonen for Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda.

## **2. Organisasjonen**

### **2.1 Eigarskap**

Hardangervidda Fjelloppsyn as er heilegd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre og Øvre Numedal fjellstyre. Generalforsamling 2007 vart arrangert på Halne fjellstove 14. juni.

### **2.2 Styret**

Styret var samansett av styreleiar Sigurd Gudmundsen og styremedlemene Liv I. Myklatun og Steinar Langesæter. Styret har handsama 19 saker i 2007.

### **2.3 Personalet**

Det har vore 7 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2007 og tre midlertidig tilsette (tabell 4.) Arbeidsomfanget har vore 6874 timeverk ( 4 årsverk), i 2007 Helge Bitustøyl har vore tillitsvald og verneombud. Hardangervidda Fjelloppsyn as er medlem i Hallingdal og Valdres Bedrifthelsetjeneste.

Tabell 4. Tilsette i 2007

<b>Tilsett / kontorstad</b>	<b>Stillingstorleik</b>
Georg Gjøstein, Geilo	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	70,8%
Kristoffer Ullern Hansen, Ulvik	80%
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	79 5%
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	50%
Helge Bitustøyl, Rauland	50%
Kåre Hallingstad	80% (slutta i april)
Sten Rune Jensen	Midlertidig tilsett
Anne Cecilie Engh Nylend	Midlertidig tilsett
Astrid Ettestad	Midlertidig tilsett